



**ALVER**  
KOMMUNE

Fsn Invest AS  
Torget 7  
5014 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/4313 - 21/28611

Saksbehandlar:  
Kaia Marie Amland  
kaia.marie.amland@alver.kommune.no

Dato:  
28.04.2021

## Orientering om plan under arbeid


Områderegulering av Langelandskogen starta opp i 2017. Plangrensa ved oppstart inkluderte dykkar eigedom, g./b.nr. 324/96. Meland kommune ynskte å sjå på heilskap i sentrumsutviklinga og hadde dykkar eigedom med i alternativsvurderingane for utvikling av området. Tema vi vurderte var offentleg tenesteyting som til dømes skule, symjehall eller kyrkje. Tidlegare Meland, no Alver kommune er i avslutningsfasen for planarbeidet. Planen som blir oversendt til politisk behandling vil omhandle arealet i Langelandskogen. *Områderegulering for Frekhaug senter* frå 2014 er framleis gjeldande for tomte dykkar.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Figur 1 Plangrensa ved oppstartsvarsel, vist som svart stipla linje med kommunedeplan for Meland i bakgrunnen (planprogrammet for Områderegulering Langelandskogen og Frekhaug nord)

**Kva skjer vidare?** Områdeplanen nærmar seg innlevering til sakshandsaming hjå kommunen. Når planframlegget er handsama, sender administrasjonen ei innstilling til politisk utval areal, plan og miljø (APMU). Det er APMU som vedtek om den skal leggjast ut på høyring og offentleg ettersyn. I høyringsperioden kan de og andre komme med innspel til planframlegget. Områdeplan for Langelandskogen har krav om detaljregulering før byggjeområda kan byggast ut.

**Kva er ein områdereguleringsplan og ein detaljreguleringsplan?** Det finst to typar reguleringsplanar: områderegulering og detaljregulering. Områderegulering blir til vanleg laga av kommunen og styrer utviklinga av eit større område. Detaljreguleringar kan bli laga av både kommunen og private utbyggerar og initiativtakarar, men ein må då forholde seg til dei overordna kommunale planane under planlegginga. Detaljreguleringar tek for seg mindre område eller enkelte tomter og gir ofte meir spesifikke føringar for kva som kan byggjast enn kva ein områderegulering gir.

Ved spørsmål og innspel til dette brevet, ta gjerne kontakt med underteiknande.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og analyse

Kristin Nåmdal  
avdelingsleiar

Kaia Marie Amland  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Fsn Invest AS

Torget 7

5014 BERGEN